



Til klasse 9c, Knarvik ungdomsskule
Launa Marie Mjanger

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4314 - 14/12063

Saksbehandlar:

Hogne Haugsdal

Hogne.Haugsdal@lindas.kommune.no

Dato:

19.05.2014

Vedkomande samanslåing av klassar på 10.trinnet ved Knarvik ungdomsskule skuleåret 2014/15

Rådmannen viser til motteke skriv frå klasse 9c, datert den 11.mai 2014, der de ber om at kommunen løyver pengar til at skulen kan oppretthalde fem klassar på 10.trinnet til neste skuleår.

I skrivet til kommunen, som er ført i pennen av elev Launa Marie Mjanger, viser de til det nære tillitsforholdet som har utvikla seg i klassen dei to skuleåra på ungdomsskulen. De har i dag eit godt klassemiljø, der de jobbar saman som ei stor gruppe og trivst med det. I fall klassen blir oppløyst og elevane blir fordelt ut på dei fire andre klassane på trinnet, er de redd for at dette vil gå ut over prestasjonar, eksamensresultat i 10. samt høve til vidare utdanning. De blir då nye elevar i dei andre klassane på trinnet, og det vil vere krevjande å bli kjend med elevar og lærarar i desse klassane.

Lindås kommune er no inne i ein periode der vi skal redusere på driftsutgiftene, og dei samla ressursane til skule har gått noko ned dei siste to åra. Også andre skular må sjå på organisering av grupper og klassar for å kunne møte dei samla behova best mogleg. Kommunen sitt budsjett for 2014 er lagt ut som rammebudsjett, og for grunnskuleområdet har rådmannen tildelt ei ramme til dei einskilde skulane etter faste kriterium som er like for alle skulane. Barneskulane har nokre kriterium medan ungdomsskulen har andre, ut frå t.d. på elevtal, tal klassar, tilvalsfag, valfag, timar til spesialundervisning og anna deling.

Prosess for ressurstildeling går føre seg ved at rektor sender inn eit ressursbehov til einingsleiar, som saman med dei andre einingsleiarane tildeler ressursar til skulane ved å følgje dei fastsette kriteria. Deretter må rektor disponere dei tildelte ressursane til det beste for drifta ved sin skulen. Han må vurdere behov for tal grupper til valfag, tilvalsfag samt timar til spesialundervisning og anna deling slik at skulen har eit godt og forsvarleg nivå på opplæringa til alle elevane. Det er rektor som har ansvaret for den daglege drifta ved skulen, og det er kommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til grunnskuleopplæring og spesialpedagogisk hjelp. Dette er regulert av Opplæringslova. Dei fleste rektorane ønskjer fleire ressursar enn det som blir tildelt, slik også for rektor ved Knarvik ungdomsskule.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733
56 37 50 00

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



I fall rådmannen skal tildele Knarvik ungdomsskule ressursar til å halde fram med fem klassar på 10.trinnet neste skuleår, må desse ressursane bli tatt frå ein eller fleire andre skular i kommunen. Dette vil kunne føre til at ressursnivået kjem under forsvarleg nivå på desse skulane, at det ikkje vert rom til delingstimar eller at andre klassar må bli slått saman. Både rektor ved Knarvik ungdomsskule og rådmannen vurderer at det å slå saman fem klassar på 10.trinnet til fire klassar neste skuleår er forsvarleg i høve til drifta og dei samla utfordringane dette gir. At det er vurdert som forsvarleg tyder ikkje at det også blir vurdert som optimalt.

Rådmannen har forståing for at de opplever dette som vanskeleg og at de er bekymra for framtida i nye klassar. Endringar kan vere vanskelege, og det å byte klasse mot slutten av ungdomsskuletida kan sikkert opplevast utrygt for nokre elevar. Rådmannen vil oppmode dykk om å ta vare på dei sterke banda de allereie har etablert til kvarandre, og er viss på at de vil halde fram som nære og gode medelevar sjølv om de skal byte klassar. I dei andre klassane er det også mange elevar de kjenner godt frå før, både frå barneskulen eller som de er saman med i valfag, tilvalsfag og andre grupper. Dei fleste av dykk har nok nokre vener i andre klassar også, og de vil kanskje få fleire nye vener neste skuleår.

Engasjement og fellesskap er viktig, og det er flott at de tek initiativ i høve til dykkar tankar og ønskje. Sjølv om rådmannen ikkje kan imøtekome dykkar innspel i denne runden, vil eg takke for oppmodinga og ønskje alle elevane i klasse 9c lukke til vidare.

Med helsing

Hogne Haugsdal
konst. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rektor Olaf Michal Hella

Mottakarar:

Til klasse 9c, Knarvik ungdomsskule